



SUNNFJORD
KUNSTLAG

Postboks 465 – 6803 Førde

Førde 20.april 2016

Sogn og Fjordane fylkeskommune
kulturavdelinga
postboks 173
6801 Førde

Kulturmidlar 2016 – Klage på avslag om tildeling

Dykkar ref. 15/10978-83

Sunnfjord Kunstlag har fått avslag på søknaden sin om stønad frå fylkeskommunen til drift av laget i 2016.

Sunnfjord Kunstlag klagar på dette vedtaket.

Grunngjeving:

1)

Fylkesdirektøren ser på Sunnfjord Kunstlag som eit lokalt lag. Vi vil hevde at laget, som det òg ligg i namnet, er av meir regional karakter, etter som vi har medlemer busett i alle Sunnfjordkommunane, i tillegg til å ha medlemer òg busett i Sogn og Nordfjord.

2)

Sunnfjord Kunstlag har alle år sidan Vestlandsutstillingen (VU) la inn Sogn og Fjordane på turnèruta si på Vestlandet (1979/80) vore arrangør av denne tilskipinga i fylket. Dette er den eldste, og kanskje mest unike, landsdelsutstillinga i Noreg, etablert i 1922. At utstillinga må kunne reknaast som eit fylkesdekkande tiltak ligg implisitt i det faktum at det dei 3 seinaste åra er fylkesdirektør for kultur og fylkesordførar(ar) som har opna utstillinga. Av tilskotet som vert tildelt VU år om anna kjem ikkje noko den lokale arrangøren til gode. Tvert om er dette tiltaket for Sunnfjord Kunstlag utelukkande eit reint, og ofte følbart, tapsprosjekt om ein tenker utelukkande kroner og øre. Det krev i tillegg ein betydeleg arbeidsinnsats frå laget for å få utstillinga presentert for eit publikum (som absolutt ikkje er berre av lokal karakter).

Arrangementet tilfører oss ingen inntekter, kun utlegg.

Det te vert for oss vanskeleg i det lange løpet, og gjev grunn til å vurdere om vi kan halde fram slik.

Vi tillet oss å peike på at dei andre institusjonane som er ansvarleg arrangør av VU i sine respektive fylke, har betydelege tilskot til si drift.

Vi unnlet heller ikkje å nemne at Sunnfjord Kunstlag i 2015 sette fokus på eit breidt utval av profesjonelle kunstnarar (40 stykkje) som alle hadde tilknyting til Sogn og Fjordane fylke, nett for å framheve kva fylket har fostra av dyktige kunstnarar. Ved utarbeiding av årsplanen for komande år er

vi i gang med eit større prosjekt, som igjen skal fokusere på profesjonelle kunstnarar frå fylket, denne gong med fokus på kunstnarar som har "trødd barneskoa sine" ved Mo og Jølster vidaregåande skule ("Heimeyrkesskulen"). Dette for å setje fokus på betydninga av denne type skuletilbod.

Vidare fram ytterlegare eit prosjekt med fylket som influensområde, då med fokus på unge kunstnarar frå Sogn og Fjordane, som har etablert seg på den nasjonale og internasjonale kunstarenaen, men som til no har oppnådd relativt lite merksemd i heimfylket.

Til slutt nemner vi berre at det er vanskeleg for oss å kome i inngrep med Den Kulturelle Skulesekken så tidleg at vi kan ha nytte/glede av dei moglegheitene som ligg der med omsyn på økonomisk hjelp til forestillingar/arrangement som vi tek initiativ til. Slik fall vi utanom denne ordninga òg ved den sist gjennomførde (gratis) skuleframsyninga, som henta publikum frå både vidaregåande skular, folkehøgskule, frå Norsksenter, frå mottakssenter og frå UWC. Multimediaframsyninga *Mitt Nabolog* med violinisten/fotografen/forteljaren Christian Stejskal frå "Garbage City" i Kairo samla vel 200 deltakrar i Førdehuset 19.april i år.

Med helsing

Gunnstein Brakestad

Gunnstein Brakestad

leiar Sunnfjord Kunstlag